

25,4 %!

SIDE 14

PRISTIL MAGNI!

SIDE 6

# KRINGOM

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGSRINGEN | NUMMER 1/2022

## Utømmeleg område

– Vi vil aldri få problem med å fylle denne timen med samtalar om språket vårt, seier **Klaus Sonstad**, programleiar i *Språksnakk*.

SIDE 8

## INNHALD

# KRINGOM

**MEDLEMSBLAD  
FOR KRINGKASTINGS-  
RINGEN**

**BLADSTYRAR**  
Kjartan Helleve

**TRYKK**  
Mercur Grafisk AS

**OPPLAG**  
900

# 6



# 10



# 12

### KONTAKT

post@kringkastingsringen.no

Kringkastingsringen  
Lilletorget 1  
0184 Oslo

943 97 998

www.kringkastingsringen.no

### MEDLEMSKAP

Kringkastingsringen arbeider for at NRK skal nytta minst 25 prosent nynorsk og at det skal bli meir nynorsk i alle andre radio- og fjernsynskanalar. Fleire medlemmer gjev større gjennomslag. Du kan melda deg inn på heimesida eller ved å betala inn på kontonummer 3480 17 48343. Hugs namn og adresse. Medlemskap kostar 300 kroner. Medlemmer under 30 år betaler 150 kroner.

**BLI MED!**

## INNHALD

- 3 Leiar
- 4 Nytt
- 6 Intervju: Klaus Sonstad
- 10 Kringkastingsprisen 2021
- 12 TV 2 mot straumen
- 14 25,4 % nynorsk i NRK
- 17 Reprise
- 19 Kryssord!

KRING-  
KASTINGS-  
RINGEN

**KJARTAN HELLEVE**

post@kringkastingsringen.no

## Kulturministeren må på bana

**STRØYME-TV BLIR** stadig meir vanleg, og det gjer at store, internasjonale innhaldsprodusentar et seg innover i den norske tv-marknaden.

Tilbodet er så stort at det norske innhaldet står i fare for å forsvinna i mengda. Det er heilt avgjerande at norske tv-kanalar har vilkår som gjev dei ein sjanse til å nå opp. Då nyttar det ikkje at distributørar gjev fordelar til internasjonale innhaldsprodusentar av di dei kan selja innhaldet sitt rimelegare.

**DETTE ER EIN MAKTKAMP.** Omlegginga til digital distribusjon har gjeve mykje meir makt til distributørane. Tv-kanalane er heilt avhengige av dei, og det veit distributørane å gjera seg nytte av. Dei kan gje fordelar til den som betaler mest, og det er vanskeleg å tevla med store internasjonale aktørar. Dette er ein kamp norske kanalar kjem til å tapa om dei ikkje får hjelp.

**I UTGANGSPUNKTET** er dette avtalar mellom kommersielle aktørar, og slik sett noko det offentlege ikkje skal leggja seg opp i. Men dette handlar også om framtida for norske mediehush. TV 2 får 125 millionar kroner i året i kraft av å vera ein kommersiell allmennkringkastar, mellom anna for å laga nyhendesendingar. Difor er det veldig rart at staten ikkje syt for at desse nyhendesendingane faktisk når ut til sjåarane.



**KORKJE KULTURMINISTEREN** eller næringsministeren ville gripa inn i konflikten mellom Telenor og TV 2, men det ville vore til stor hjelp om dei hadde sendt eit tydeleg signal om at tv-distributørane også har eit mediepolitisk ansvar. Det er utruleg at TV 2 må køyra ei rettsak for å hindra at innhaldet deira blir mindre tilgjengeleg.

**MYKJE AV** mediepolitikken har handla om å syta for eit stort mediemangfald, både geografisk, politisk og til dels språkleg. Situasjonen tv-bransjen no står i, liknar ikkje på noko den norske pressa har vore utsett for tidlegare. Mediepolitikken er for viktig til at den berre skal styrast av private aktørar. Feltet skrik etter reguleringar. Det norsk-språklege innhaldet må prioriterast.

NYTT

## GOOGLE OG FACEBOOK TEK OVER

Mykje av årsaka er dei globale gigantane Facebook og Google, som har dobla sin marknadsdel på den norske reklamemarknaden sidan 2016 til 35 prosent.

Ein del av redninga har vore brukarinntekter, men i 2020 brukte nordmenn mindre pengar på aviser, kanalpakkar og strøymetenester.

–Vi ser ein aukande betalingsvilje for digitale nyheiter, og det er positivt. Samtidig er det ingen tvil om at konkurransen frå dei globale aktørane i annonsemarknaden er ei betydeleg utfordring for norske redaktørstyrte mediums driftsøkonomi, seier **Mari Velsand**, direktør i Medietilsynet (NPK)

## Hallingdølen laga avis på kav halling

Torsdag 3. februar var alt stoff i lokalavisa Hallingdølen på gjennomført hallingmål, i praksis ei blanding av åling og goling.

«Detta æ vårt bidrag te å heie på og slå eit slag før hallingmålet», seier redaktør **Lillian Holden** til si eiga avis.

Bakgrunnen er ei spørjeundersøking som nyleg viste at berre eitt av ti skulebarn i Hallingdal snakka halling. Avisa forma framsida av avisa som ei dødsannonse over det utryddings-trua hallingmålet.

Engasjementet som følgde, inspirerte redaksjonen til å fylle avisa med lokal dialekt, slik Fredriksstad Blad gjorde i 2013.

Både redaksjonelt stoff og mykje av annonsane er på dialekt. Det gjeld også program-sidene for TV, som administrerande direktør Ola Stave har omsett til halling.

– Eg trur det er første gongen at «Real Housewives of Potomac» har vorte kalla «Ekte heimeverande kjerenga frå Potomac», seier Lillian Holden. (NPK)



Foto: Magnus Emanuelson/NRK

## CD-SALET AUKAR IGJEN

Etter mange år med nedgang aukar salet av CD-formatet igjen, skriv Billboard.

I fjor vart det selt nesten 40,6 millionar CD-ar, noko som er ein auke på 1,1 prosent frå året før. Det er første gong på 17 år at salet av CD-ar aukar.

Det aukande CD-salet er, ifølgje Billboard, drive fram av dei store albumsleppa frå Taylor Swift («Evermore») og Adele («30»).

Samtidig er musikkmarknaden no dominert av strøymetenestene. Fysiske album står for mindre enn ein tidel av inntektene i musikkbransjen i USA, ifølgje tal frå 2020. (NPK)





# «Rådebank» får svensk versjon

Dramaserien «Rådebank» har vore ein stor suksess for NRK. No har eit svensk produksjons-selskap kjøpt inn serien og planlegg ein svensk versjon. Art & Bob Television har så vidt byrja å førebu planane for ein svensk versjon av serien, som heiter «Bø» på svenske strøymetenester.

Dei trur konseptet med rånarar, kjærleik og sorg saman med utforsking av psykiske helseproblem og usunne mannsideal kan fungere godt på svenske skjermar.

– Då vi byrja å sjå på «Rådebank», vart vi selde. Glenn-Tores fortaptheit saman med tematikken som vi begge brenn for, plassert i det litt uventa rånemiljøet, engasjerte oss frå første stund, og vi vart raskt samde om at vi ville ta med denne fantastiske historia hit, seier **Hampus Nessvold** og **William Spetz** i Art & Bob. (NPK)



## TV 2 etablerer ny aktualitetsdesk

TV 2 vil styrkje Tv2.no med heile 30 nye stillingar, som ein del av ei større satsing på nettplatforma. – Tv2.no skal halde fram med å vere blant dei største og viktigaste nyheitstenestene i landet, og derfor styrkjer vi satsinga kraftig, seier sjefredaktør **Olav T. Sandnes** i TV 2 til Medier24. I første omgang lyser TV 2 ut 30 nye stillingar som skal jobbe med såkalla «breaking news» (siste nytt), direkteendingar, videodesken, sosiale medium, og dessutan underholdnings- og kjendisnyheiter. (NPK)

## ANDREA RYGG NØTTVEIT NY REDAKTØR FRAMTIDA

– Eg har stort engasjement for Framtida-prosjektet, som handlar om å gi ei stemme til dei unge og auke nynorskdelene på internett, seier den komande redaktøren i ei pressemelding. Ho har vore tilsett i Framtida sidan 2013.

Den gongen vart ho tilsett som språkjournalist, før ho seinare vart redaksjonsleiar for Oslo-kontoret. No kjem ho frå stillinga som kommunikasjonsrådgjevar i Grønn Byggallianse.

Nøttveit tek over etter **Svein Olav B. Langåker**, som er tilsett som dagleg leiar i Landssamanslutninga av nynorskkommunar. Han skal halde fram som redaktør for Framtida Junior. Framtida.no hadde 880.000 brukarar i 2021, medan Framtida Junior hadde vel 137.000 brukarar i same perioden. (NPK)

# – Viktigare å snakka opp norsk enn å snakka ned engelsk

Han vart nasjonal kjendis som den karikerte trønderbonden Odin, men Klaus Sonstad (51) trivst no endå betre som programleiar i «Språksnakk» i NRK P2.

– Det er viktigare enn nokon gong å vera oppteken av språket vårt, seier trønderen på den umiskjennelege dialekten si.

Du har heilt sikkert sett – og høyrte – han i den romslege 80-tals dunjakka saman med trønderkompis Are. Ja, ikkje for det – du kan framleis oppleva «Are og Odin» i NRK sine radiosendingar, men det er neppe tvil om at Klaus Sonstad ville setja ekstra stor pris på om du valde «Språksnakk» framfor humorprogrammet.

– Det er eigentleg så langt mellom desse rollene, at det nesten er uråd å samanlikna. Og godt er det, då er det ingen fare for at eg sausar rollene saman, seier Sonstad. Han vart både glad og stolt då han i fjor vart spurd om han ville leia den nye satsinga på P2, «Språksnakk», kvar søndag.

Vi skal attende til korleis dette starta, korleis Klaus Sonstad vart den nye frontfiguren i eit radioprogram som dette. Mange «vaksne» hugsar tidlegare programleiarar i det som då heitte «Språkteigen», Finn-Erik Vinje og Sylfest Lomheim. No Klaus Sonstad altså.

## JOURNALIST OG TEKSTFORFATTAR

Sjølv reknar Sonstad med at det er bakgrunnen som journalist i Adresseavisen og det faktum at han har skrive mange tekstar til både songar og sketsjar som var den direkte årsaka til at han vart henta til denne rolla. Og så var det neppe noko stort minus at han er eit kjent fjes og stemme, i tillegg til «Are og Odin» også frå TV-programmet «Famileduellen».

**Klaus Sonstad**

Programleiar i  
SPRÅKSNAKK på P2  
kvar søndag.



– Eg har alltid vore interessert i språk og har alltid jobba tett med språket. Eg var likevel svært spent og hadde sommarfuglar i magen då eg gav meg i kast med dette. Eg visste godt at eg var på veg inn i eit område og eit program med mange svært interesserte og dedikerte lyttarar med stor kompetanse og ikkje minst godt øyre for det språklege. Og er det noko som engasjerer og får folk til verkeleg å reagere, så er det jo språklege problemstillingar.

### UTØMMELEG

Eitt år seinare har han ikkje angra eitt sekund, og han meiner sjølv at han både titt og ofte har gjort det han var innstilt på å gjera, nemleg stille dei litt «dumme» spørsmåla, dei som vi utan hovudfag kan vera truande til å stilla i dei ulike panela med kompetente språkfolk han samlar rundt mikrofonen alt etter kva temaet er.

– Responen har vore framifrå, både frå språknerdane og frå dei som har heilt vanlege og gode spørsmål til kvifor og korleis språket vårt er vorte som det er. I starten var vi usikre på om det kunne vera nok interessant stoff til å fylla ein time kvart einaste veke. Vi var redde for å gå tomme. Men det viste seg fort å vera ei heilt grunnlaus uro.

– Alt tyder på at det er eit heilt utømmeleg område, dette med språk. Det kjem tips og innspel kvar einaste dag. Ein gong i månaden har vi «Lytterspørsmål spesial», som er kanskje det beste prøvet på at det er rett. Vi vil aldri få problem med å fylla denne timen med interessante samtalar om språket vårt, seier programleiaren.



### NYNORSK NEDPRIORITERT

Sjølv om Klaus er rimeleg trygg på at Odin ikkje er nokon nynorskforkjempar, vedgår han utan vidare at han ut frå eiga dialekt burde ha skrivne nynorsk.

– Nynorsk ligg mykje nærmare både mi og Odins dialekt, men trass i det har vi neglisjert nynorsk fullstendig. Eg var aldri oppteken av det i skulealder, men det vart heller ikkje gjort noko som helst for at eg skulle bli det.

Det verste er at det, trass fine ord om satsing på nynorsk, ikkje er vorte noko betre, legg han til.

– Mi eiga dotter på 19, skuleflink ung jente som no studerer i Oslo, har alltid slite med nynorsk, som har vore ei plage og ei pine. Mangel på skikkelege læremiddel og fråvær





Klaus Sonstad vart nasjonal kjendis som Odin Jensenius (t.h.) på NRK P3, her saman med kamerat Are Sende Osen. Odin burde ut frå si eiga dialekt ha skrivne nynorsk, fastslår Klaus. (Foto: Nadia Frantsen/NRK)

dei betyr og brukar dei rett, og dei kan når som helst fortelja kva det betyr. På grunn av ein heilt annan digital påverknad enn vi hadde i barndommen, lærer dei seg nye engelske ord kvar dag – og tek dei i bruk i daglegtalen.

### IKKJE KJEFT

Sonstad tykkjer ikkje det er rett å kjefta på ungane for dette.

– Nei, i staden for å snakka ned og kjefta på at dei brukar så mykje engelsk i daglegtalen sin, bør vi snakka om og opp dei norske orda. Det er ikkje noko i vegen med engelsk, men vi må få dei til å forstå at dersom dei snakkar meir og meir engelsk, så set vi vårt eige, vakre språk i fare. Språket som gjer oss til det vi er, og som vi skal vera så stolte av – uansett målform, seier Klaus Sonstad.

Og dette kjem han til å prata mykje om i «Språksnakk» i vekene og månadane – ja, truleg åra – som kjem.

– Språk er viktig. Og det er viktigare enn nokon gong å snakka om vårt eige språk, det som meir enn noko gjer oss til dei vi er, seier NRK-profilen som saman med Linda Eide i no står i fremste rekkje i kampen mot «englifiseringa».

av oppfølging – både heime og på skulen – er forklaringa. No må noko gjerast med dette. Vi må få handling slik at dei som vel nynorsk, får skikkeleg oppfølging, seier Sonstad, som har merka seg at det berre er ein elev i grunnskulen i Trondheim som har nynorsk som hovudmål.

### SNART DOMINERER ENGELSK

Men det er ikkje berre her kampen om norsk språk står, innser Sonstad. Han har også ein son på 10 år som allereie er ein kløppar på engelsk. Det er reint blandingsmål når han snakkar med kompisar.

– Eg er nesten dagleg forundra over kor mange engelske ord dei har i daglegtalen, og kor god flyten er. Men ikkje berre det, også kor korrekt dei brukar dei engelske orda. Dei veit kva

**JAN INGE FARDAL/NPK**

# Kringkastingsprisen 2021 går til ....

## Magni Øvrebotten!

ØVREBOTTEN var i mange år distriktsredaktør i NRK Sogn og Fjordane, før ho tok til på det viktige arbeidet med å utdanne nynorskjournalistar på NRK Nynorsk Mediesenter. Ho vart pensjonist i sommar, og Kringkastingsringen såg dette som eit høve til å takke henne for innsatsen ho har lagt ned.

– Få, om nokon, har hatt meir å seie for at nynorsken har fått bløme i media dei siste 30 åra, meinte juryen, som er styret i Kringkastingsringen. Utdelinga fann stad i NRK-bygget i Førde. Utdelinga kom som ei overrasking på prisvinnaren.

– Eg er både stolt og glad. Eg er veldig stolt over at me i NRK Sogn og Fjordane byrja denne medvitne rekrutteringa av nynorskbrukande journalistar på byrjinga av 1990-talet. Det var avgjerande for eit godt distriktskontor som ala opp mange gode nyhendejournalistar, men det gav også eit grunnlag for det som skulle bli NRK Nynorsk Mediesenter. Det var eit langsiktig arbeid som førte fram. Ofte går prisar til dei vi ser og høyrer på TV og radio, og ikkje til oss bakspelarar, seier Øvrebotten.

Prisen blei utdelt av Ivar Bruvik Sætre, varamedlem til styret. Øvrebotten skulle i NRK-bygget i Førde for å snakka om kunsten der før mykje av den skal flyttast over til det nye Nynorskens hus. Då høvde det fint at prisen var eit grafisk trykk av Wenche Øyen. Juryen er styret i Kringkastingsringen.

**RED.**

### GRUNNGJEVINGA:

«Vanlegvis går denne utmerkinga til «stjernene», dei vi ser og høyrer kvar dag. Kringkastingsprisen skal jo delast ut til ei røyst «som på ein framifrå måte brukar nynorsk eller dialekt i det daglege arbeidet». Prisen er blitt delt ut til programleiarane, til nyheit-sankera og til dei kjende radiorøystene.

Men av og til må ein ta eit steg tilbake – nokre gonger må ein sjå bak kameraet. For det er som med gode filmar: For at skodespelarane skal kunne skine, trengst det eit glimrande manus, ein god regissør, og ein produsent som sikrar at alt går som det skal.

I dag vil vi heidre den personen som har vore både manusforfattar, regissør og produsent for nynorsken i NRK. Utan denne personen ville mange av dei store radio- og TV-røystene aldri ha eksistert. Sjølv mange tidlegare vinnarar av Kringkastingsprisen har årets prisvinnar å takke for at dei enda opp i TV og radio.

Vi i Kringkastingsringen veit så uendeleg godt kor viktig det er å vere vaktbikkje for kringkastinga. Om ingen seier ifrå, stiller spørsmål eller hevar stemma, er det lett for NRK å trekke litt på skuldrene og sjå bort kvar gong nynorskkravet ikkje blir oppfylt. Ingen har heva stemma eller sagt ifrå oftare enn dagens prisvinnar.

Ho blei distriktsredaktør i NRK Sogn og Fjordane i 1990 og byrja raskt å rekruttere journalisttalent med nynorskbakgrunn. Morten Sandøy, Ingunn Solheim, Kristi Marie Skrede, Håkon Haugsbø og Solveig Barstad er alle



Ivar Bruvik Sætre, varamedlem til styret, overraska Øvrebotten i NRK-bygget i Førde.  
(Foto: Nynorsk Mediesenter)

### MAGNI ØVREBOTTEN

- Vinnar av Kringkastingsprisen 2021
- Tidlegare journalist, redaksjonssjef og distriktsredaktør i NRK Sogn og Fjordane.
- Var frå 2004 leiar for NRK Nynorsk Mediesenter til ho gjekk av i fjor sommar.

namn som gjekk «førdeskulen» på 90-talet. I Førde ønskte ein å formalisere ordninga, men ein møtte motstand i Oslo-leiinga.

Prisvinnaren slutta likevel aldri å kjempe. Den store sigeren kom då NRK Sogn og Fjordane gjekk mot ei uønskt samanslåing med NRK Hordaland i 2002. Med hjelp frå kulturminister Valgerd Svarstad Haugland nådde prisvinnaren gjennom og fekk stansa den styrevedtekne samanslåinga. NRK Sogn og Fjordane fekk halde fram, og ut av sigeren kom Nynorsk mediesenter i 2004.

Snart 18 år seinare ser vi, svart på kvitt, kor viktig kampen til prisvinnaren var. Som dagleg leiar for Nynorsk mediesenter har ho tilsett, lært opp og følgt opp eit lite hav av

nynorskbrukande journalistar. Praktikant nummer 180 starta ved mediesenteret i januar.

«Mor Magni», heitte det frå nynorskpraktikantane då prisvinnaren blei takka av i fjor sommar. Få, om nokon, har hatt meir å seie for at nynorsken har fått bløme i media dei siste 30 åra. Vinnaren av Kringkastingsprisen 2021 er Magni Øvrebotten.»

# TV 2 MOT STRAUMEN

TV-KANALEN LEGG SEG  
STADIG UT MED TV-DIS-  
TRIBUTØRANE, MEN VIL  
ALLER HELST HA EIT  
GODT SAMARBEID.

I HAUST tok TV 2 distributøren Altibox til retten for å få eigen knapp på fjernkontrollane deira, noko TV 2 hevde var i tråd med distribusjonsavtalen mellom selskapa. TV 2 vann saka. I vinter kunne ikkje dei som får tv-signala sine frå Telenor, sjå på TV 2. Grunnen var ei pågåande konflikt mellom kanalen og distributøren. Tilsynelatande handla konflikten om kor mykje Telenor skulle betala TV 2, og korkje kultur- eller næringsministeren ville gripa inn i forhandlingar mellom to kommersielle aktørar. Men konflikten handla om meir.

– Om ein går eit stykke attende i tid, handla denne typen spørsmål stort sett om kva det skal koste å distribuera TV 2-kanalane, fortel **Sarah C. J. Willand**, direktør for marknadsføring, kommunikasjon og organisasjon i TV 2.

– No er me i ein heilt annan konkurranse-situasjon, der det har gått frå å vera eit no-regismeisterskap til eit verdsmeisterskap. Me er i ein knallhard konkurranse med internasjonale gigantar som Netflix, HBO og Facebook, og sjårarvanane endrar seg raskt. Det er framleis eit spørsmål om betaling, men også om korleis me kan ta vare på redaktøransvaret vårt når innhaldet skal distribuerast på ulike plattformer, og om kor synleg innhaldet vårt skal vera for sjårarane.

*Møter de forståing frå distributørane for dette?*  
– Dette er eit nytt og ukjent terreng også for distributørane, og eg opplever at modningsnivået har auka hjå båe partar dei siste åra. Ein ser at problemstillinga også er aktuell i andre

nordiske land, og at ein også der føler seg litt fram. Målet er å sikra at me kan finansiera dyrt norsk kvalitetsinnhald også i framtida og slik sikra eit lite norsk språkområde. Me har eit samfunnsoppdrag og ei redaktørrolle som me rett og slett ikkje kan gå på kompromiss med. Men dette opplever eg at distributørane i større grad har forståing for.

*Er prblemet at me ser stadig meir tv gjennom strøymeplattformer?*

– Det er fint at folk kan velja, men denne utviklinga er mykje av grunnen til at dette blir så vanskeleg. Det å syta for at det er råd å velja norsk innhald og å løfta dette innhaldet fram, må vera eit spleiselag som dei norske aktørane samarbeider om. Det at Netflix får ein eigen direkteknapp på fjernkontrollane, kan høyrast ut som ein veldig enkel ting, men dette gjer at sjårarane kan gå rett inn i Netflix-universet, noko dei ikkje kan gjera med dei andre innhalds-universa. I Frankrike har det kome framlegg om å forby slike knappar på fjernkontrollen, nettopp i eit forsøk på å ta vare på det franske språket, innhaldet og den franske tv-industrien. Så for oss er det i alle fall viktig med likebehandling – me må kunne konkurrera på like vilkår

*De har ikkje fått mykje hjelp frå politikarane?*  
– Me har heile vegen hatt god dialog med både departement og storting. Eg trur dei ser at marknaden endrar seg, og det er m.a. diskusjonar i EU om det trengst reguleringar på dette



– DET Å VERA EIN NORSK  
AKTØR MÅ VERA EIN  
FORDEL, IKKJE EI ULEMPE.

SARAH C. J. WILLAND,  
TV 2

feltet. Men parallelt med at medievanane har endra seg, har også mediepolitikken blitt meir kompleks. Infrastruktur og breibandpolitikk er no mediepolitikk. Eg trur ein må sjå dette i eit breiare perspektiv på tvers av dei ulike saksområda. Kulturdepartementet må setja seg ned med Kommunaldepartementet, Forbrukartilsynet, Medietilsynet og Konkurransetilsynet og sjå på dette meir heilskapleg. Det er risikabelt å investere i dyre norske produksjonar, og eg trur me treng ordningar som kan gjera det mindre risikabelt. Det krev ein aktiv og god mediepolitikk. Det å vera ein norsk aktør må vera ein fordel når ein opererer i eit lite språkområde som det norske, ikkje ei ulempe.

#### *Treng de distributørane?*

– Distributørane kjem til å vera viktige for TV 2 i all framtid, me greier oss ikkje utan dei. Me vil nå ut til alle krikar og krokur av landet med innhaldet vårt, og distributørane gjer det mogleg og bidrar til å finansiera innhaldet vårt. Men me brukte store ord i denne konflikten og sa at dette handlar om vår eksistens. Dette er ikkje berre ein avtale som gjeld det neste året, men er noko som legg grunnlaget for TV 2 i eit lenger perspektiv. Difor handlar dette ikkje berre om pengar, men om dei langsiktige rammevilkåra, slik som kor synleg innhaldet vårt er, at det er lett for folk å sjå kven som er avsender, og om kven som har redaktøransvaret. Dette er viktig for folk så dei veit at innhaldet kjem frå ein aktør som yt mykje tillit, men også for TV 2 så me kan fortsetja å utvikla oss

som eit kommersielt mediehus og leva opp til rolla vår som allmennkringkastar.

#### *Korleis ser framtida ut?*

– Ein må sjå heilskapen, ein må passa på at det er god konkurranse mellom dei selskapa som kontrollerer den digitale infrastrukturen, slik at ingen blir så dominerande at dei kan fungera som portvaktarar for sjåarane. Det bør også koma reguleringar som tek vare på forbrukarane i ein konflikt som denne. Ein stor del av kundane er burettslag, og sidan dei ofte har langsiktige avtalar, vil dei ikkje ha ein reell valfridom. Nokre stader finst det også berre ein distributør, som gjer det vanskeleg å byta tilbydar.

#### *Kva med krav til innhald?*

– Det er bra at Netflix og HBO har norsk innhald, men dei vil aldri kunne erstatta dei norske aktørane. Dei vil aldri kunne konkurrera med den breidda som ein norsk allmennkringkastar har. Me kan laga program og journalistikk som treff det mangfaldige publikum langt betre. Dei norske kringkastarane held dessutan ein heil produksjonsbransje i gang. NRK, TV 2 og til dels Viaplay og Discovery syter også for at norsk innhald blir løfta fram og ikkje berre blir liggjande gøymt i ein stor katalog. Me prøver å laga best mogleg journalistikk og program, men det er ikkje hjelp å laga verdas beste tilbod om det ikkje er synleg i dei ulike tenestane som distributørane tilbyr sjåarane.

**KJARTAN HELLEVE**

25,4 %!

# NRK nådde målet

NRK innfridde nynorskkravet i 2021. Hurra!  
Men ikkje på nett. Hm.

I fjor var 25,4 prosent av det totale innhaldet til NRK på nynorsk, altså over kravet frå styresmaktene på 25 prosent, men på nett var det berre 18,8 prosent nynorsk.

Kringkastingssjef **Thor Gjermund Eriksen** seier til eiga nettside at han er svært glad for at dei igjen oppfyller kravet. I fjor hamna dei under 25 prosent etter at 2019 var det første året dei oppfylte kravet.

Språksjef **Karoline Riise Kristiansen** fortel at det vart sett i gang tiltak for å nå målet etter at dei hamna på 24,2 prosent i 2020.

– Eg er veldig godt nøgd med at me har klart nynorskkravet i 2021, men samtidig skulle det berre mangla. Det er ein del av samfunnsoppdraget vårt at me skal styrka, utvikla og bruka nynorsken, seier ho til NRK.no.

Statistikken viser at NRK2 er best på nynorsk med ein andel på 32,2. Også NRK3, NRK Super og radiokanalen NRK P1 er over kravet, medan NRK1, NRK.no, NRK P2 og NRK P3 ligg under 25 prosent.

På NRK.no var 18,8 prosent av saken på nynorsk, ein framgang frå 17 prosent i 2020.

## GRATULERER, NRK!

– Me vil gratulera alle journalistar, redaktørar, programsekretærar, språksjefar og kringkastingssjefar med innsatsen, seier **Kjartan Helleve**, dagleg leiar i Kringkastingringen.

Etter ein liten dupp i 2020 har NRK igjen greidd kravet om minst 25 prosent i sendingane sine. Mest nynorsk er i det på NRK2

og NRK3, medan det er minst i aktualitetskanalane P2 og på nettstaden NRK.no.


– I mange år opplevde me at NRK tok lett på kravet, og nynorskarbeidet stod litt på staden kvil. Dei siste åra har me derimot sett ein langt større innsats, og det syner att i målingane. Eg trur NRK har teke inn over seg det heilt unike ansvaret dei har for mediemangfaldet i Noreg. Skal ein statskanal ha legitimitet, må den levera på alle dei felte den har eit særleg ansvar for. NRK er veldig viktig for at nynorsk skal vera eit synleg og levande mediespråk. Difor er det svært gledeleg at kanalen er medviten ansvaret ein har, seier Helleve.

Han ser at det er råd å diskutera korleis ein måler nynorskprosenten. Å dela di-alektbruken i to og fordela den på bokmål og nynorsk er ein romsleg måte å måla på. Han meiner likevel at tala seier noko viktig om språkmangfaldet i NRK, og at det å ha eit konkret tal å strekkja seg etter har vore viktig.


– Om ein ikkje hadde sett seg eit konkret mål, hadde truleg nynorskprosenten vore mykje lågare. Då vedtaket om 25 prosent kom i 1970, var prosentene på om lag berre halvparten. Difor har 25 vore eit slags magisk tal for oss i målrørsla. Det er ingen tvil om at det står att ein del arbeid for å få opp nynorskbruken på NRK.no, men det reknar me med ordnar seg til neste år, seier Helleve, som bit seg merke i Ronny Brede Aase-effekten i P3.

**NPK/REDAKSJONEN**

## NYNORSK I NRK I 2021



## NYNORSK I NRK I 2019–2021



## INNKALLING ÅRSMØTE 2020

Det vert med dette kalla inn til årsmøte i Kringkastingsringen.  
9. mars kl 18.00 | Skrivarstova, Lilletorget 1, Oslo

### SAKSLISTE

Årsmelding 2021  
Rekneskap 2021  
Budsjett 2022  
Arbeidplan 2022–2023  
Val

Sakspapira vert å finne på heimesida [www.kringkastingsringen.no](http://www.kringkastingsringen.no).  
Lett servering. Alle hjarteleg velkomne!

## Ruset held ikkje fram

Frå januar 2022 gjekk **Inger Johanne Ruset** inn som debattjournalist i Sunnmørsposten. Ho har difor sagt frå seg vervet som leiar for styret i Kringkastingsringen.

– Journalistrolla er den eg har identifisert meg mest med. Det er eit viktig samfunnsoppdrag, som passar godt til ei nysgjerrig sjel som meg, seier ho om det å gå tilbake til journalistikken.

Ho ser fram til å kunne arbeide meir analytisk i rolla som debattjournalist. I ei pressemelding skriv ansvarleg redaktør i Sunnmørsposten, Hanna Relling Berg, at Ruset skal skrive eigne kommentarar og redigere innsendt debattstoff.

– Eit sunt offentleg ordskifte blir berre viktigare og viktigare i eit samfunn som plagast av falske nyheiter, ekkokammer og polariserte frontar, seier Ruset.

Me seier lukke til og takk for innsatsen!





# FJERNSYNSKJØKKENET

Ingrid Espelid Hovig var med heilt frå starten. Ho vart programsekretær for kosthald, ernæring og forbrukarstoff tidleg i 1960-åra, men allereie under prøvesendingane i 1956 hadde ho synt fram korleis ein kan laga silderettar. Til slutt vart det over 300 sendingar av Fjernsynskjøkkenet.

Ho laga ikkje berre kjøtkaker. Ho var den fyrste som synte fram chili og avokado på norsk fjernsyn. Ho fekk fondy ut til folket. Om du blar i den raudrutete kokeboka hennar, er det eit veldig spenn ho er innom. Det er eigne kapittel om vegetarmat og “vitalmat”, det er tips til foreldre i tidsklemma og oppskrifter til drinkar. Hovig var open for det meste, famna om alt.

Arne Hjeltnes: «Ho reiste rundt med Opplysningskontoret for fisk og lærte husmødrer å laga middag av frosen fisk. Dette var eit oppdrag frå styresmaktene. Men det var NRK som fann ut at dei skulle ha eit matprogram, og Ingrid måtte på audition for å få jobben. Det er likevel ikkje unaturleg å sjå på programmet som ei vidareføring av det ho gjorde før, og at dette var arbeid som styresmaktene nok var veldig glade i. Det var eit

korstog og i praksis ein direktekanal for Statens Ernæringsråd, krydra med varme og opplevingar. Matvarekjedene ringde til NRK for å høyre kva ho skulle lage på tysdag. Skulle ho finna på å lage fiskegrateng, skulle halve Noreg laga fiskegrateng i dagane etter. Då var det viktig at det var råvarer å få tak i. Denne makta misbrukte ho aldri, og ho var veldig medviten om ansvaret sitt. Heile utgangspunktet for programmet var jo rett, det var ikkje slik at ho skulle selje noko eller at NRK skulle få høge sjåartal. Det var til ei god sak.”

Hovig ga ut si første kokebok i 1956 om fiskerettar. I 1967 kom *Ingrid Espelid ber til bords* med oppskrifter frå Fjernsynskjøkkenet. Til saman vart det meir enn femti bøker. I 1982 kom *Den rutete kokeboken*, som var ei utvida og omarbeidd utgåve av *Rutiga kokboken*, utgitt av ICA forlaget i 1980. Boka har ifylgje forlaget seld meir enn i 250 000 eksemplar på norsk.

KH

*Kjelder: Wikipedia og intervju med Arne Hjeltnes (Norsk Tidend 4/2014)*



I relativt nær fortid fanst det ein mal, ei norm, reglar for talemålet i radio og fjernsyn, og K-ringen tok ansvaret for nynorsk sidan det den gongen ikkje fanst nokon Språksjef. Men det er nye tider. Om me skulle gjort noko liknande i dag, ville me ha måtta laga om lag like mange kurs som det finst dialektar.

## Løysing kryssord 3-21

Kryssordredaksjonen la inn ein ekstra vri i førre nummer. Det såg ut som om det var løysingsord både her og der. Men få let seg vippe av pinnen av den grunn, og kom enkelt fram til at løysinga skulle vera:

SPRÅK ER SJOV SÅ ENKELT ER DET

Og dei heldige som fann ut at det faktisk var så enkelt og kan gle seg seg over ei lita merksemd, er:

Laurits Killingbergtrø. Leksvik  
Kari Tveit, Bø i Telemark  
Ingrid Gjesdal, Ålgård


Til lukke!




# KRYSS-ORD

Send anten heile kryssordet til  
Kringkastingringen, Lilletorget 1, 0184 Oslo  
eller løysingssetninga til [post@kringkastingringen.no](mailto:post@kringkastingringen.no)  
og bli med i trekninga av flotte vinstar. Lukke til!  
Frist: 1.5. 2022.

EINAR SØREIDE




				R. HOV- LAND- ROMAN	MATFAT DRIKK			EUR. BY EIM	SITJE- PLASS- ANE	LITE DYR LENGDE- EINING LAVINE		KARNE- VALET TRINNET		
					NAB. MIMRE- TREFF						NYNO. KOMM. FØR			
					PLAGG		NESTEN BLINK LENGT						PRON. RETNING	
					TÆL									
					KVINNE			RADIO- KRIG			FESTE			
					SKISSA						AV- DELING			
KJEND SLÅTT	FRONT- EN		K.RING- PRIS- VINNAR	INDIUM BIB. PERS.	TIDL. PART FATTAR		SAG- BLAD- DEL				KOSTEN	KOAGU- LERER		
KONJ. FUGL- ANE									HØG- BOREN PLAGAR					
						SISTE NYTT	LIKE	SUTRE						
				KAN GOLV VERE								MORAL- SKE		
DEMPA EUR. ELV					RASE USTYR- LEG			GIFTIG VÆSKE OPNING- ANE KJENT DIKT						
INSTRU- MENT FISK														
					NABOAR (BAKV.)		TAL RE- SERVE		BASE NUPPE					
		GOMLAR KVINNE			MIDT- STYKKE GRØN- SAK			UT- STÅANDE KANT				PLAGAR		
				MANN PÅ- STAND				I ORDEN TJERN			LITAGO NUT			
GAMAL MANN PARTI	TAL		MEDAL- JØR KRO				HULD- RER GLØR							
SVEIET						HERJA BJELKE			DRIVE IDRETT			LIKE		
							TONN	TIDL. KEISAR- DØME						
MIKRO- ORGAN- ISME	NRK- RADIO- PROGR.									TÅRN- TOPP				

Namn, adresse og postnummer:

**RETUR:**

Kringkastingsringen  
Lilletorget 1  
0184 Oslo



25,4%

